



KVINTEN | AUGUST 2008

NYTT FRÅ NORSK FOLKEMUSIKK- DANSELAG

Til alle medlemmar i NFD Om Kvinten

I vår vart Kvinten lagt om frå å være eit medlemsblad, til å være eit nyheitsbrev for medlemmene. Nyheitsbrevet har vorte sendt ut to gonger til alle medlemmene, med ei oppfordring om å melde frå om ein ynskjer brevet i posten eller på e-post / nett. Dersom ein ikkje melde i frå ville ein ikkje få Kvinten. Erfaringane frå dette har synt at berre ca. halvparten av medlemmene har meldt inn sine ynskjer.

På grunnlag av dette vil difor nyheitsbrevet Kvinten, frå og med denne utgåva, bli sendt i posten til alle medlemmer, med unntak av dei som allereie har sagt dei ynskjer brevet på e-post/ nett.

NFD ynskjer at så mange som mogleg melder seg på brevet på e-post, og oppfordrar difor alle som har e-postadresse, og brukar denne aktivt, om å melde seg på nyheitsbrevet på e-post. Påmelding skjer på www.nfd.no.

Om noko er uklart – ta kontakt med oss!

Beste helsing
Norsk Folkemusikk- og Danselag

Som vedlegg til dette skrivet finn du:

- Program for ÅRINN 2008
- Svarkort

Strukturendringar på folkemusikkfeltet Informasjon og tilbakemelding

På eit felles styremøte mellom NFD og LfS 10. juni vart styra einig om ei felles målsetning om å etablere *éin ny felles folkemusikkorganisasjon* på folkemusikkfeltet i Noreg. Vedtaket vart lansert på Landskappleiken på Oppdal i slutten av juni. Vedtaket vart godt motteke frå ein fullsett idrettshall på Oppdal. (*les vedtaket på svarkortet som ligg ved dette brevet*)

Proessen om å etablere éin ny felles folkemusikkorganisasjon er i gang, og NFD vil halde medlemene oppdatert på prosessen. Me vil kome attende med nytt om prosessen når det ligg føre.

I samband med dette vedtaket vil me gjerne høyre kva du meiner om styra i NFD og LfS si målsetning, og kva for ynskjer du har for folkemusikkfeltet i framtida. Kom med dine synspunkt - ei tilbakemelding frå deg er svært viktig for oss i prosessen vidare. Du kan gje tilbakemelding på følgjande måte:

- Fyll ut svarkortet som ligg ved (*kortet er ferdig frankert*)
- Svar på skjema: www.nfd.no, eller send e-post: nfd@folkogdans.no
- Ring oss: 22 00 56 90
- Send brev til:
Norsk Folkemusikk- og Danselag
Postboks 440 Sentrum
0103 Oslo

ÅRINN i samarbeid med PUNKT 5. - 6. september i Kristiansand



ÅRINN vil i haust bli arrangert 5. – 6. september i samarbeid med Punkt i Kristiansand. Punkt er ein festival som presenterer konsertar i ulike genre, samt faglege seminar. ÅRINN vil i år gå inn som ein del av Punktts program med konsertar med tradisjonsmusikarar som Nils Økland, Øyonn Groven Myhren, Unni Løvlid, Synnøve S. Bjørset, Åse Teigland og Vidar Lande. Konsertane vil finne stad på Agder Teater.

Me oppmodar alle medlemmer om å ta turen til Kristiansand denne helga!

Velkomen!

Sjå programheftet for meir informasjon.

NESTE UTGÅVE AV KVINTEN KJEM I SEPTEMBER



Norsk Folkemusikk- og Danselag

Postboks 440 Sentrum, 0103 OSLO
Besøksadresse: Kirkegata 20
Epost: nfd@folkogdans.no
Telefon: 22 00 56 90
www.nfd.no / www.folkogdans.no

Om Kvinten

Kvinten inneheld nytt om Norsk Folkemusikk- og Danselag sitt arbeid. Om du ikkje lenger ynskjer å abonnere på Kvinten, kan du avbestille ved å sende eit brev til NFD, eller bruke avmeldingsskjemaet på www.nfd.no.